



Etter målpasseringa fekk deltakarane rik løn i form av ein fantastisk utsikt.

**Det var også eit innslag av uskedelinger då IL Ternen søndag arrangerte "Varden opp" på Sandvoll i fint haustvær og med god deltaking. Uskedelingerne gjorde seg sterkt gjeldande.**

Rundt 80 var med og skrytte svært av løypa. Laget lovar at det vil bli eit årleg "Varden opp".

Stine Saghaug frå Uskedalen fekk løyperekorden for damer med 42,25.

Ole Vidar Monsen hadde nest beste tid totalt. Han vann klassa 23-29 år med 24,08. For Ole Vidar var dette ei fin 'oppkjøring' foran skisesongen. Den dyktige løparen skal representera Uskedalen IL denne sesongen etter å ha gått for Omvikdalen IL dei siste sesongane.

Klassa for veteranar over 40 år vart vunne av Gunnar Årvik på 23,02 som med det sette ein sterk løyperekord.

I denne klassa kom uskedelingerne Jostein Saghaug, Tormod Myklebust, Kurt Haugland, Pål Haugland og Bjarne Lilleaas på plassane fem, seks, sju, åtte og ni med desse tidene: 31,17, 32,03, 33,41, 34,15 og 38,30.

Også i trimklassa var fleire uskedelinger med.